

Kronisk borreliose – finst det, då?

Ingvill Henmo

Flåttfronten: borreliosestriden i Norge

Oslo: Henmo forlag, 2025

278 s.

ISBN 9788230369395

Michael 2026; 23: 75-76

doi: 10.5617/michael.13087

Boka handlar om ein tematikk som er utfordrande for pasientar, pårørende og medisinarar. Eigentleg handlar ho om kva som finst, og korleis vi skal tolka det vi erfarer. Teksten rører altså ved dei grunnleggjande vitskapsteoretiske innfallsvinklane ontologi og epistemologi.

Til grunn ligg ei undring over ei helseteneste som ikkje følgjer opp det som personar med etterverknader av borreliainfeksjon opplever. Kona til forfattaren er mellom desse personane. For mange av desse har tilliten til helsetenesta smuldra bort. Boka er skriven nært innpå pasientrøynslene. Forfattaren ønskjer ikkje å fremja eit einsidig partsinnlegg. Eg meiner at ho har lukkast godt med det. Ulike synspunkt blir i stor grad fremja på dei ulike deltakarane i debatten sine eigne premisser – ofte med solid ankerfeste i dei samanhengane desse står i.

Innleiingsvis får lesaren ei grei innføring i arbeidsmåten bak teksten. Forfattaren har nytta skriftlege, offentleg tilgjengelege dokument. Ho skriv at utgangspunktet har vore søk i Nasjonalbiblioteket sin digitaliserte avisbase. Med grunnlag i funna derfrå har ho søkt vidare i anna skriftleg materiale og til ein viss grad også følgd opp med samtalar med involverte personar.



Forfattaren signaliserer at ho legg vekt på vesentlege spørsmål knytte til dei ordinære medisinske vurderingane og behandlinga som desse pasientane får i helsetenesta. Spørsmålet om langvarig behandling med antibiotika står til dømes sentralt. Boka er full av ganske kraftige utsegner frå mange av aktørane. Trass i den tragiske grunntonen gir dette spenning til lesinga, utan at teksten blir usakleg.

Alternative behandlingsformer blir ikkje drøfta i det heile. Midt oppi dei medisinsk-faglege drøftingane melder dei politiske kreftene seg av og på i debatten. Nettopp denne vekslinga mellom ulike faglege syn og ein samfunnsmessig kontekst som vaker litt til og frå, gir teksten eit spennande preg, sjølv om den har ein tydeleg kronologisk struktur. Vi får følgja debatten nasjonalt og dels også internasjonalt, gjennom nærare 50 år.

Teksten utfordrar det medisinske grunnfellet. Gjennom heile lesinga har eg to overordna gjengangsspørsmål: (1) Er det her tale om «kunnskap om manglande effekt» eller er det «manglande kunnskap om effekt»? (2) Kva må til for at kunnskap framkomen gjennom forskning om verknader på gruppenivå, også skal vera gyldig på individnivå?

Dette er viktige prinsipielle spørsmål som går langt ut over «borreliosestriden». Vi møter liknande utfordringar når det gjeld behandling av sjeldne sjukdommar med nye metodar og i aukande grad etter kvart som bruken av individuelt tilpassa lækjemiddel breier om seg.

Boka er vel verd å lesa for den aktuelle tematikken sin del, men vel så mykje fordi den har noko å seia om medisinen sitt allmenne teoretiske og empiriske grunnlag. Den gir vidare grunnlag for tenkinga omkring grensene for medisinen sin rolle i samfunnet og ønskjet om å få sett diagnosar på det som blir opplevd som sjukdom. Spørsmålet om kronisk borreliose eksisterer, er derfor utfordrande, både for einskildpersonar, det medisinske fagfeltet og for samfunnet.

Geir Sverre Braut
gsb@sus.no

Geir Sverre Braut er lege og spesialist i samfunnsmedisin, seniorrådgivar ved Stavanger universitetssjukehus, pensjonert professor frå Handelshøgskulen, Høgskulen på Vestlandet. Han har vore tilsett ved Statens helsetilsyn, men hadde ikkje noko å gjera med vurderingane av sakene som er omtala i denne boka.